

Regionkommune Sunnmøre

Notat frå møte i styringsgruppa 12. – 13 mai.

		Dag 1	Dag 2	Overnatting
Giske	Knut Støbakk	Nei	Ja	Nei
	Marit Elisabeth Larssen	Nei	Ja	Nei
Haram	Bjørn Sandnes	Ja	Ja	Ja
	Turid Hanken	Ja	Ja	Ja
Hareid	Anders Riise	Ja	Ja	Ja
	Nils Inge Nupen	Nei	Nei	Nei
Norddal	Bjørn Inge Ruset	Nei	Ja	Ja
	Tor Helge Stavdal	Ja	Ja	Nei
Sandøy	Hans Endre Sæterøy	Ja	Ja	Ja
	Ann Heidi Orvik	Ja	Ja	Ja
Skodje	Terje Vadseth	Ja	Ja	Ja
	Bente Vikhagen	Ja	Ja	Ja
Stordal	Charles Tøsse	Ja	Ja	Ja
	Lars Joranger	Ja	Ja	Ja
Stranda	Jan Ove Tryggestad	Nei	Ja	Nei
	Kjartan Lied	Ja	Ja	Ja
Sula	Geir Ove Vegsund	Ja	Ja	Ja
	Leon Aurdal	Nei	Nei	Nei
Sykkylven	Petter Lyshol	Nei	Nei	Nei
	May Helen Molvær Grimstad	Nei	Ja	Nei
Ulstein	Jan Berset	Ja	Ja	Ja
	Einar Arset	Nei	Nei	Nei
Ørskog	Thorbjørn Fylling	Ja	Ja	Nei
	Synnøve Vasstrand Synnes	Ja	Ja	Nei
Ålesund	Geir Stenseth	Ja	Ja	Nei
	Astrid Eidsvik	Ja	Ja	Nei
Koordinerende gruppe	Tore Hals	Ja	Ja	Nei
	Anne Mette Liavaag	Ja	Ja	Ja
Sunnmøre regionråd	Erlend Krumsvik	Ja	Ja	Ja
	Jan Kåre Aurdal	Ja	Ja	Ja
Arb.gr samfunnsutvikling	Kari Grindvik	Nei	Ja	Nei
	Vebjørn Krogsæter	Nei	Ja	Nei
Arb.gr. demokrati	Eva Vinje Aurdal	Nei	Nei	Nei
Arb.gr. økonomi	Roar Dyb-Sandnes	Nei	Ja	Nei

Velkommen v/leiar av styringsgruppa, Bjørn Sandnes

Kongstanken med regionkommunen Sunnmøre er å byggje ein stor nok regkonkommune med kompetanse og slagkraft. Regionkommune Sunnmøre bør bli blant dei 10 største kommunane i Noreg og skal ta opp konkurransen med dei andre regionane i Noreg. Vi må lukkast i å få til eit godt samarbeid mellom kommune – fylke – næringsliv – utdanning. Dei utfordringane regionen har i dag er for store for at vi skal takle dei aleine. Eit viktig moment er at vegprosjekt vil kunne realiserast raskare med ei stor slagkraftig kommune.

Sjå presentasjon.

Kva veit vi om Regionkommune Sunnmøre v/Tore Hals

Sjå presentasjon.

Regionkommune Sunnmøre

Kva legg vi i å skape ein ny kommune? v/Bente og Turid

Se presentasjon

Diskusjon: Kva tenkjer kommunane om overlevering til nytt nytt kommunestyre?

- Viktig å overføre beslutningskompetansen til nytt kommunestyre.
- Det skal gjerast eit retningsgivande vedtak på kommunestyremøtet i juni. Siste kommunestyremøtet er i september. Sliter med å få til ein liknande prosess på Søre noko som gjer det vanskeleg at det gamle kommunestyret kan gi eit klart råd om retning. Ulstein har bestilt folkevalgtopplæring to dagar før kontinuering.
- Kan ein tenkje seg felles politikaropplæring?
- Fleire kommunar har fleire utreiingar parallelt. Skal ikkje ta stilling før utgreiingane er ferdig.
- Det er viktig at kvaliteten på rapporten er god. Rapporten skal være et godt grunnlag for beslutning.
- Prosjektet må ha eit ansvar for å sikre at rapporten/prosjektet munnar ut i noko som vil sikre ein god prosess vidare etter valet. Viktig å skape ein forpliktelse om å stå i prosessen helt ut. Er dette noko vi kan einast om? Styringsgruppa har lagt til grunn at vi skal være med i en prosess som man står løpet ut.
- Viktig at alle står løpet ut. Deretter må kvar kommune ta stilling til kva dei vel å gjere vidare
- Kva skjer når vi skal begynne å ta stilling og kommunar evt faller frå? Bør vi ha ein ROS-analyse/betraktning på kva som kan skje? Vanskelig å tenke seg at alle 13 kommunane blir med heilt fram til samanslåing.
- Heit sentralt å ha fokus på at vi skal skape en ny kommune. Rapporten må ha fokus på det nye. Statistikk er ikkje så viktig. Innovasjon og nytenking er sentralt – rapporten må formidle denne tenkinga til dei folkevalte i kommunane.
- Sluttdokumentet må løfte fram dei positive sidene som kan formidlas til innbyggerane. Innbyggerane skal høres, og dokumentet må derfor bidra til å skape beslutningskompetanse også blant innbyggerane.
- Kan det vere hensiktsmessig at rapporten kommer etter valet 20 september?
- Det sittande kommunestyret må meine noko om kva vi ønskjer med sluttproduktet.
- Sluttproduktet er viktig men prosessen er vel så viktig.

Regionkommune Sunnmøre

- Det sittande kommunestyret må overlevere rapporten til nytt kommunestyre, og dei må sjølv velje korleis dei vil handtere saka vidare.
 - Kva gjer vi med eventuelle nye forespørslar frå nye kommunar som ønskjer å kome inn i prosjektet?
 - Kva skal vere innhaldet i rapporten? Det viktigaste må vere å sjå inn i krystallkula? Kva er utfordringane for regionen? Korleis skal vi løyse dette i framtida? I eit slikt perspektiv blir eigedomsskatt og plassering av rådhus mindre viktig. Robekk eller pengar på bok er heller ikkje interessant. Bykommune eller landkommune – alle er avhengige av kvarandre. Innbyggjarane må realitetsorienterast ift framtida.
 - Fokuset må rettast inn mot å skape ei ny regionkommune. Det er dette som må diskuterast – vi skal lage ei kommune for framtida!
-

Diskusjon: Kva er regionkommune Sunnmøre sin visjon/"kongstanke". Kva kan ei slik regionkommune gi.

- Ei unik kommune for framtida! (Handlekraft, "gjør noe med deg", mjuke verdiar, «sunnmøring» «fasthet i kjerna, friedom i periferien, kjærleik i alt..»)
- Ei kommune for framtida der samarbeid, tillit, utvikling, kompetanse og innovasjon skal vere med å gje lokal identitet og regional slagkraft.
- Å byggje ei stor nok regionkommune med kompetanse og slagkraft.

Mål/kva kan vi få til?

- Regionkommunen sikrar basistjenester der folk bur.
- Regionkommunen er ein sterk og slagkraftig samfunnsbyggjar saman med andre offentlege og private samfunnsaktørar.
- Regionkommunen skal vere relevant og ta ein posisjon i nasjonal samanheng.
- Regionkommunen er i stand til å posisjonere Ålesund som by og regionen som attraktiv kvardagsregion for framtidas innbyggjarar og næringsliv.
- Regionkommunen er tilstrekkeleg robust til å ivareta det ansvar og dei oppgåvene som til ei kvar tid ligg til kommunane som forvaltningsorgan og under folkevald styre.
- Regionkommunen er ein dynamisk organisasjon med god balanse mellom overordna leiing og styring og behovet for nærtjenester og nærdemokratiske løysingar.

Regionkommune Sunnmøre

Andre innspel

- Peike ut samlande symbol.
 - Kva for nye oppgåver ser ein for seg at Regionkommune Sunnmøre vil ta på seg?
 - Rådhus – posthus.
 - Tillit og raushet.
 - Heilheit og likeverd.
 - Integrering av det beste.
 - Bygge på tanktgods gjort før – eks Sunnmøre i framtida.
 - ID – felles kultur og identitet – ta tak i det som er gjort.
 - Løfte blikket – sjå framover. Definere moglegheitsrommet gitt utfordringane.
 - Ikkje samanslåing men bygging av ei ny kommune.
 - Alle skal være med; likeverdiheit og tillit.
 - Identitet – bygge på eksisterande identitet og bygge ny.
 - Langsiktige målsettingar for arbeidet. Vi er “framme” etter xx år.
 - Unik mulighet til å utvikle og etablere nytt fellesskap.
 - Nytt politisk styringssystem.
 - Nytt administrativt styringssystem.
 - Utvikle felles grunnverdiar på førehand.
-

Arbeidsgruppe samfunnsutvikling – framlegg av oppsummering frå SWOT-analysar v/Kari Grindvik og Vebjørn Krogsæter.

Oppdraget:

"Det er nedsett fire arbeidsgrupper med deltakarar frå kvar kommune. Arbeidsgruppene skal samordne og drøfte SWOT- analysane frå deltakarkommunane. Med bakgrunn i oppsummeringa skal dei levere innspel til styringsgruppa (ordførarane) knytt til:

- *Kva kommunene meiner er styrken med ein ny regionkommune, og kva nye høve vil ein slik kommune gi.*

Regionkommune Sunnmøre

- *Kva kommunene meiner kan vere svake sider eller trugsmål for den nye kommunen – kva for prinsipp eller intensjonar kan i så fall demme opp mot dette.*

I løpet av våren og hausten 2015 blir det gjennomført fem drøftingsmøte i styringsgruppa. Målet er å ende opp med eit punktvis rammeverk og ei skisse for ein ny regionkommune. Rammeverket i skissa kan danne grunnlag for intensjonsavtalar mellom kommunene fram mot vedtak i den enkelte kommune om å bli ein del av ein ny regionkommune. Vedtak om dette vil bli tatt våren 2016."

Kommunenes rolle som samfunnsutviklar omhandlar langsiktig og strategiske val omkring arealbruk og utbyggingsmønster, utbygging av infrastruktur, stad- og sentrumsutvikling, æringsutvikling, miljø og folkehelse i brei forstand. Rolla femnar vidare enn dei oppgåvene ei kommune er pålagt å utføre gjennom lover og forskrifter, og er i stor grad basert på samarbeid med og mobilisering av aktørar i og utanfor eigen kommune.

Kommunen som planmyndigheit

Kommunane skal gjennom planar og tiltak skape heilskapleg utvikling av lokalsamfunnet og gode levekår for innbyggjarane. Lovgrunnlaget er først og fremst plan- og bygningsloven, i tillegg kjem krav i særlovgevinga. Det skal i planlegginga leggjast vekt på langsiktige løysingar, og konsekvensar for miljø og samfunn skal vurderast.

Kommunestyret skal minst ein gong pr. valperiode vedta ein kommunal planstrategi, jfr. plan- og bygningsloven §10-1. Det er få formelle krav til ein planstrategi, men planstrategien bør omfatte ei drøfting av kommunen sine strategiske val knytt til samfunnsutvikling, under dette også langsiktig arealbruk, miljøutfordringar, sektorane si verksemd, og ei vurdering av kommunen sine planbehov for valperioden.

Næringsutvikling og utvikling i kommunesamfunnet

Mykje av den kommunale innsatsen for samfunnsutvikling skjer på område der dei statlege føringane er avgrensa og den lokale fridomen stor. Kommunane har gjennom sin lokalkunnskap gode føresetnadar for å vere førstelinje for bedrifter, gründerar, samfunnsentreprenørar og eldsjeler. I dette arbeidet må kommunane ha god henvisningskompetanse, oversikt over kva dei ulike virkemiddelaktørane kan bidra med og slik gi effektiv rettleiing til dei som teng det. I tillegg ligg det i denne rolla ei leiaroppgåve for kommunane gjennom å mobilisere, utløyse og støtte opp lokale initiativ innan td.stadsutvikling, inkludering og omdømmebygging.

Samhandling med innbyggjarane og andre aktørar

I både små og store kommuner er samarbeid viktig i utøvinga av samfunnsutviklar-rolla. Aktørar kommunen har kontakt og samarbeid med, er innbyggjarar, lag og organisasjonar, næringsliv og kompetansemiljø, men og ulike aktørar på regionalt, nasjonalt og internasjonalt nivå. Samarbeidet

Regionkommune Sunnmøre

dreier seg om arenabygging, dialog, medverknad, samarbeid, nettverksbygging og etablering av partnerskap. Plan- og bygningsloven slår vidare fast at planlegging og vedtak skal sikre open informasjon, vere føreseieleg, og sikre medverknad for alle berørte interesser og myndigheiter.

Kva utfordringar står kommunene framføre i dag med tanke på å fremje ei langsiktig og heilskapleg utvikling, både kvar for seg og for regionen? Ekspertutvalet har peika på at ei av dei mest avgjerande endringane i samfunnet, som og gjer det naudsynt å sjå på dagens kommunestruktur, er at innbyggjarane har mykje større mobilitet. Dei gjer seg i aukande grad nytte av arbeidsplassar, handels- og tenestetilbod i eit vidare område enn kommunen dei bur i. Avhengig av kommunikasjon g tilgjengelege tenestetilbod vil det vere naturleg å sjå på inndeling i region i økonomiske regionar, bu- og arbeidsmarknadsregionar eller funksjonelle bu- og serviceregionar.

I Stortingsmelding 13 (2012-2013) «Ta heile Noreg i bruk» er BA-regionar delt inn i grupper etter senterstørrelse og om kommunene i regionen ligg innanfor eller utanfor distriktpolitiske virkeområde.

For vår modell er inndelinga slik:

Regiontype	BA-region	Kommune
Region med små og mellomstore byar utanfor distriktpolitiske virkeområde	Ålesund	Ålesund, Sula, Giske, Haram, Skodje, Ørskog, Stordal, Sykkylven
Region med små og mellomstore byar innanfor distriktpolitiske virkeområde	Ulstein	Ulstein, Hareid
Småsenterregion	Norrdal/Stranda	Norrdal
Spredtbygde område	Sandøy	Sandøy

Bu-, arbeids og serviceregion (BAS-region)

Ein funksjonell BAS-region skal, etter kriteria som Møre og Romsdal fylkeskommune nyttar, vere sjølvforsynt med dei fleste viktige funksjonar og tenester som ein innbyggjar etterspør gjennom eit livsløp. For å sikre at inndelinga skal vere berekraftig i eit framtidig perspektiv, må regionen ha:

- Eit variert tilbod av arbeidsplassar innanfor alle sektorar og på alle kompetansenivå
- Tilnærma full arbeidsplassdekning
- Eit breidt og variert butilbod til alle grupper av innbyggjarar
- Eit konkurransedyktig handels- og tenestetilbod innan alle bransjar
- Eit variert skuletilbod som dekkjer heile utdanningsløpet
- Eit tilfredsstillande tilbod av spesialisthelsetenester
- Eit breidt idretts- og kulturtilbod på alle nivå
- Gode kommunikasjonar som knyter regionen saman
- Eit attraktivit og levande regionsenter

Med utgangspunkt i desse føresetnadane er det to slike ABS-regionar på Sunnmøre, Ålesundregionen og Eiksundregionen. (jf. BDO – utfordringsnotat av 24.februar 2015)

Regionkommune Sunnmøre

Korleis er situasjonen i kommunane når det gjeld folketalsutvikling, næringsutvikling og sysselsetjing?

Kommunene i regionkommune Sunnmøre er svært ulike i tal innbyggjarar. Stordal med litt over 1000 pr. 1.1.2014 til Ålesund med knappe 46 000. Sju av kommunene i denne modellen har under 5000 innbyggjarar og fem ligg mellom 5000 og 10 000 innbyggjarar.

Ser vi på folketalsutviklinga frå 1990-2014 ser vi at i tillegg til Ålesund, har Ulstein, Giske, Sula og Skodje betydeleg vekst, medan Sandøy og Norddal har ein nedgong i innbyggjartalet. Samla har regionen hatt 10 % vekst sidan 2001, gjennomsnittet for landet er på 12% i perioden 2004-2014. Sysselsettingsveksten i perioden 2003-2013 var sterk, med ein auke på rundt 10 000 nye arbeidsplassar. Tal frå SSB syner at vi har netto utpendling frå regionen, noko som innber at det er fleire som bur i regionen enn tal på arbeidsplassar i regionen.

Når det gjeld arbeidsledige syner SSB sine tal for 2013 at vi har i overkant av 2 % , landsnittet er 2,6%. Med basis i statistikk for folketalsutvikling, sysselsetjing og pendling ser vi følgjande mønster for kommunene i vår modell:

Ålesund, Haram, Giske, Sula og Skodje har alle hatt sterk folketalsvekst. Ålesund spelar ei viktig rolle med stor innpendling frå dei andre fore kommunene. Samla er desse fem kommunene ein del av ein sterkt integrert bu- og arbeidsmarknadsregion. Dei fire kommunene rundt Ålesund må kunne sjåast på som attraktive buområde, som isolert sett har ført til folketalsvekst og samtidig ein positiv sysselsetjingsutvikling i eigen kommune.

Ulstein og Hareid er sama med Sande og Herøy ein annan bu- og arbeidsmarknadsregion. Her er det Ulstein som er den viktigaste sysselsetjingskommunen med fleire arbeidsplassar enn folketallet skulle tyde på. Både Ulstein og Hareid har vekst i folketal og vekst i sysselsetjing i eigen kommune.

Dei andre kommunene: Sandøy, Ørskog, Stordal, Norddal, Sykkylven og Stranda har ikkje like klare samanhengar med kvarandre eller dei andre gruppene. Sykkylven har ein folketalsvekst som er sterkare enn sysselsetjingsveksten. I dei andre er det ingen vesentleg vekst i sysselsetjing etter arbeidsstad eller bustad i perioden 2001-2013. (Opplysningar frå BDO-rapporten)

Ser vi overordna på næringsstrukturen på Sunnmøre er det i overkant av 74 500 sysselsette etter arbeidsstad (SSB 2013) på Sunnmøre. Offentleg sektor utgjør den største andelen, og saman med industri står desse for meir enn 50% av sysselsetjinga på Sunnmøre. I perioden 2001-2013 har vi hatt sterkast vekst i offentlig sektor, tenesteyting og bygg/anlegg. Nedgongen er størst i landbruk og industri. Dei tyngste indistrikommunene i vår modell er : Haram (47%), Ulstein (44%), Sykkylven (43%), Sandøy (37%), Hareid (34%) og Stranda (33%). Til samanlikning kan vi sjå at i Norddal (31%), Ørskog (26 %), Sula (23%) , Skodje (23%) og Ålesund (22%) er den største bransjen helse og sosialtenester. Ålesund har sjukehus, Sula, Skodje og Ørskog er vertskommuner etter HVPUreforma. Norddal har vi ein kombinasjon av demografi og Muritunet som yter tenester til innbyggjarar i regionen.

Regionkommune Sunnmøre

Kva oppgåver og utfordringar krev felles løysingar på tvers av kommunegrensene?

Under dagens kommunestruktur samhandlar vi på ulike måtar i regionen. Vi har utviklingsprosjekt, interkommunalt samarbeid og interkommunale selskap:

- Heilskapleg planlegging
- Kvardagsregionen under felles styre
- Tilrettelegging for næringslivet
- Attraktivitet- Teknologi, talent, toleranse
- regionbyfunksjon
- framstå som samstemte (nullstille enkelte prosjekt og våge å tenke nytt!)
- forskning/FOU
- tiltrekke oss nye kompetansearbeidsplassar
- attraktive både for arbeidsgivarar og arbeidstakarar
- Klima og miljøutfordringar
- Folkehelse
- Kollektivtransport
- Vere eit kraftsenter/ maktfaktor og hevde oss betre mot andre regionar, nasjonalt og globalt
- Samhandlingseforma
- Barnevern
- Legevakt
- Interkommunalt arkiv IKA
- Renovasjon

Lista er langt frå uttømmende, men gir eit bilete av nositasjonen.

Når vi no skal vurdere andre kommunemodellar, har kommunene vorte oppmoda om, kvar for seg, å utarbeide ei enkel analyse over dei dei ser på som ulike stryke, svakheit, moglegheit og truslar som ligg i ein regionkommunemodell der Norddal, Stordal, Ørskog, Skodje, Stranda, Sykkylven, Haram, Sandøy, Sula, Giske, Hareid, Ulstein og Ålesund er med.

Arbeidsgruppa har fått inn analysene frå dei einskilde kommunene, gruppert innspela og prøvd å gi ei samla framstilling av resultatane. Vi har ikkje vekta innspela på anna måte enn at ei kommune = ei røyst. I det vidare arbeidet vil vi sjå om vi finn klare samanhengar eller forklaringar på innspela som kan vere vesentlege å ta med i endeleg rapport.

For å synleggjere kva kommunene er einige om i SWOT-analysene har vi vald å legge fram dette gjennom ordskyer under dei fem overskriftene: STYRKE, SVAKHEIT, MOGLEGHEIT, TRUSLAR og AVBØTANDE TILTAK.

Regionkommune Sunnmøre

MOGLEGHEIT



TRUSLAR



Regionkommune Sunnmøre

Nærare drøfting/utdyping av dei fem ordskyene og funna:

STYRKE

- Større fagmiljø – større og breiare kompetanse i kommunen, kanskje også for politikarar.
- Auka kompetanse, nye oppgåver og auka mynde, kan saman med større profesjonalitet kunne føre
- til at det vert lettare å rekruttere.
- Auka kompetanse også innan næringsliv.
- Det vil kunne vere lettare for begge i eit parforhold å få seg jobb i regionen.
- Styrka konkurransekraft- meir attraktive som vertskapskommune og bustadkommune.
- Sterkare i møte med andre aktørar og i kampen om tildeling av ressursar. Kan etablere maktbalanse
- i tingingar med eksterne aktørar og med andre landsdelssenter.
- Heilskapleg planlegging – samordna arealplanlegging innan felles Bu-, arbeids- og serviceregion
- Lettare å få til betre arealdisponering med heilskapleg tilnærming.
- Lokal stadutvikling- tenke heilskap og framheve lokale fortrinn.
- Styrka kulturliv, fleire tilbod og auka aktivitet i lag og organisasjonar.

SVAKHEIT

- Avstand mellom innbyggjarar og politikarar, dei som styrer og dei som vert styrt, medaktørar.
- Lokalkunnskap går tapt og omlandet vert meir utsett.
- Sentralisering – vi vil oppleve at tenester vert sentralisert, uansett vil administrasjon av tenester
- verte sentralisert.
- Distrikta taper (kompetanse)arbeidsplassar når sentralleiinga vert flytta.

MOGLEGHEIT

- Strategisk utviklingsarbeid - det vil bli lettare å setje fokus på strategi- og utviklingsarbeid med
- meir samordna ressursar.
- Betre infrastruktur/kommunikasjon – betre kollektivtilbod med heilskapleg planlegging.
- Heilskapleg planlegging vil og kunne gi styrka næringsliv og betre samarbeid med
- utdanningsinstitusjonar, FoU, kultur.
- Styrka næringsutvikling gir styrka attraktivitet
- Regional maktfaktor – sterkare i høve andre aktørar regionalt, men óg nasjonalt
- Attraktivt for yngre/ungdomar å etablere seg her
- Nye, større oppgåver – statlege arbeidsplassar flyttar hit
- Stordriftsfordelar
- Godtfungerande BAS

TRUSLAR

- Sentralisering- har så mange ulike element:

Regionkommune Sunnmøre

- framandgjerding – svekkja identitet – for langt mellom den som vert styrt og den som styrer, også
- geografisk avstand
- uoversiktleg – for alle
- kamp om midlar og ressursar – usemje om arealdisponering
- svekka utkant- mindre medverknad og lokal makt vil kunne føre til forvitring
- manglande samarbeid – vanskar med å forankre vedtak og prosessar
- manglande styring – vil kunne svekkje gjennomføringsevnen i overgangsfasen
- AVBØTANDE TILTAK
- God struktur, organisering
- Aktiv medverknadspolitikk
- Digitale tenester
- Basistenestedefinisjon og basistenestegaranti

VISJON FOR REGIONKOMMUNEN Kva kan vi få til?

Regionkommunen sikrar basistenester der folk bur

Regionkommunen er ein sterk og slagkraftig samfunnsbygger saman med andre offentlege og private samfunnsaktørar

Regionkommunen skal vere relevant og ta ein posisjon i nasjonal samanheng

Regionkommunen er i stand til å posisjonere Ålesund som by og regionen som attraktiv kvardagsregion for framtidens innbyggjarar og næringsliv

Regionkommunen er tilstrekkeleg robust til å ivareta det ansvar og dei oppgåvene som til ei kvar tid ligg til kommunane som forvaltningsorgan og under folkevald styre

Regionkommunen er ein dynamisk organisasjon med god balanse mellom overordna leiing og styring og behovet for nærtjenester og nærdemokratiske løysingar

Møte i styringsgruppa med tema samfunnsutvikling

- I kor stor grad er ordførarane i styringsgruppa enige?
- Konkurranseskraft; attraktive studentfasiliteter vil vere et viktig konkurransefortrinn. Heilskapleg og samordna planlegging.
- Bruke regionkommunen til å styrke regionen som region overfor den sentrale stat. Dette er eit viktig strategisk moment i ei tid der vi går mot større regionar. Sunnmøre skal sloss mot heile landet . En regionkommune vil vere viktig for å vinne fram nasjonalt og internasjonalt.

Regionkommune Sunnmøre

- Vi må løfte i lag – helhetlig planlegging – viktig å legge bak oss noen “kjepphester”. Dette må komme seinare i en større plan. Å fronte kjepphester i denne fasen kan slå begge veier.
- Kan man diskutere arbeids- og oppgavedeling? Eller kommer dette i neste fase?
- Integrering – vi kan bli den beste på integrering! Bolyst. Skape et godt samfunn som vil være attraktivt for innvandrare og som er attraktivt som student – bo – arbeid.
- Skape et godt grunnlag for ungdom og utdanning.
- Skape oss en stemme i Norge – sette oss selv på norgeskartet!
- Vi må løfte fram det vi er gode på – bruke det som konkurransefortrinn. Ta heile den nye kommunen i bruk. Utnytte det man er gode på. Eks Norddal på rehabilitering.
- Felles arealplanlegging for å tenke rasjonell og god måte å bruke den nye kommunen.
- Kommunikasjon og infrastruktur blir viktig tema. Tegne inn på et kart som viser hva som er på gang og kor langt de har kommet. Dette vil visualisere overfor folk korleis det vil kunne se ut i framtida.
- Den digitale infrastrukturen må også med.
- Nå har vi mulighet å se de ulike infrastrukturprosjekene i en sammenheng. Dette er et viktig innsalgsmoment overfor innbyggerne.
- Gode modeller for desentraliserte styringsverktøy. Vi må få på plass og kommunisere korleis vi kan ta de ulike verktøya i bruk.
- Basistenestegaranti viktig for å trygge folk på at de vil få basistenestene også i framtida. Dette er viktig å kommunisere ut til folk.
- Viktig å kommunisere ut til folk at dette ikkje er ein sparereform.
- Desentralistert styringsmodell for å sikre folk.
- Raushet må gjelde for alle – ikkje berre for Ålesund. Rausheten må kommuniserast ut. Jo lenger ut frå sentrum man kommer jo større er redselen for utarming. Derfor blir det viktig å sikre den enkelte om at de vil få basistenestene. Dette må beskrivast og kommuniserast.
- Kvar kommune må diskutere kva dei kan løfte inn i en ny kommune. Kva er fortrinna til den enkelte kommunen. Det må beskrivas korleis man kan kompensere. Vidare må det vere lokale diskusjonar om kva den enkelte kommune forventar at de andre skal være med på å løfte fram.
- Samferdsel er helt avgjørande. Sentraliseringa er der uavhengig av kommunereforma.
- Det må utarbeidast ein lokal demokratimodell.
- Vi må stille spørsmålet om kva som er viktig å kommunisere til innbyggjarane for at de vil være med på laget.

Regionkommune Sunnmøre

- Overgangsperiode på to ganger fire år vil være nødvendig for å få dette til.
- Styringsmodellene må sikre at de utløser det lokale engasjementet.
- Det gjelder å finne modeller som er troverdig, og gir folk en garanti for at de får et anstendig tilbud også i framtida.
- Viktig at basistjenestegarantien også seier noko om kvaliteten på tenestene og ikkje bare at tenestene skal være der.
- Det er viktig å ikke tro at man skal spare penger på det politiske nivået. Kanskje man kan spisse på fag og ideologi.
- Bygge kommunar med sterke administrasjonar er viktig for å få et sterkt politisk lederskap.
- Viktig å unngå negative utspill i media som svekker samarbeidet i regionen.
- Mange ser på dette med profesjonelle politikarar er det mange som ser på som en trussel.
- Organisasjonskultur for innovasjon. Ha så mye leiarkapasitet at man kan gjennomføre innovasjonsprosjekter.
- Innovasjon – vi må skape et innovasjonsmiljø i den nye kommunen. Dette fordrer at vi klarer å ha en stor nok kommune som kan sette av nok ressursar.
- Nye oppgåver? Vi må tenke gjennom kva av de nye oppgåvene i st.mld som er viktig for oss.

Diskusjon om innspel/spørsmål/problemstillingar til statsråd Sanner sitt besøk 2. juni.

Se eige dokument.
